


Tomme løer i ny bok

(NPK): *Ny bruk av gamle fjøs er temaet i ei ny bok av rektor ved Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling Dag Jørund Lønning.*

I boka «Liv i fjøsan» drøftar Lønning korleis gamle løer og andre materielle spor frå eldre dagar kan gjerast om til ressursar for framtida. Boka er skriven både som ei fagbok og som ein populærvitenskapleg diskusjon om samtid og endring.

Med utgangspunkt i eit utviklingsprosjekt for gamle fjøs i Nordland, viser Lønning korleis oppgaver, teknologi og interesser har endra seg etter at bygningen blei reist. Forfatteren påpeikar også at i samtidsbygda er det menneske, ikkje tomme fjøs, som er dei verkelege utviklingsressursane.

Boka er gitt ut på Forlaget Press i Oslo og er illustrert med



FJØSLIV: I boka 'Liv i fjøsan' blir det drøfta korleis gamle løer kan få nye bruksområde. (Foto: Forlaget Press)

bilete av fotografen Rune Johansen. (©NPK)

Prosjektet “Betre Bunnlinje”

Norsk Bonde- og Småbrukarlag har i lengre tid hatt eit syn for det vi har kalla “lågkostlandbruk”. Erkjenninga av at inntektssida ofte er gitt, har ført til mykje god kreativitet ute på gardane når det gjeld å ha kontroll med utgiftssida.

AV MODULF AUKAN, POLITISK NESTLEIAR I NBS

Driftsresultatet når året er slutt vil da direkte avspegle i kor stor grad ein har lukkast med å “temme” kostnadane. I fleire omgangar har vi forsøkt å få denne måten å tenkje på, inn i ei forskningsramme, og no er dette i gang i regi av NLR (Norsk landbruksrådgiving).

Frittstående rådgjeving

Allt i dag finnes det mange tilbod om rådgjeving i det norske landbruket, slik som:

landbruksbransjen (maskiner, redskap etc) Tine, Nortura, Bondelaget, Nilf (Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning) og NLR.

Ynskje om ei mest mulig uavhengig og frittstående rådgjeving har modnast fram, og det er sett ned ei styringsgruppe som består av: Erik Belbo, NLR, leder for gruppa, Arnstein Tveito, NB, Modulf Aukan, NBS, Erlend Kjesbu, NILF og Lars Kjuus NLR.

Prosjektleiaren og sekretær er Anne Kristine Rossebø som er tilknytt NLR.

20 000 i betring

Styringsgruppa si oppgave er å diskutere seg fram til målsettingar og verkemiddel i denne formen for rådgjeving.

Ein er no godt i gang med denne rådgjevinga.

Først gjennomførte ein pilotprosjekt i 2011 med 30 deltakarar. Så melde det seg 45 i 2012 som no er i ferd med å bli gjennomført. Hittil i år er det meld seg 47 som no er eller skal gjennomføre gjennomgang og vegval for si drift på eigen gard.

Som ei foreløpig målsetting

(gjennomsnittstal) har ein sett 20 000 kroner i forbetring av drifta som direkte resultat av rådgjevinga.

Etter ei tid ser eg det som naturleg at ein lagar ei oppsummering av resultatata så langt, og samtidig gjera erfaringane kjend for alle som er interessert.

Ikkje alltid auking

Det vi ser alt no er at resultatet ikkje alltid er utviding av drifta etter at rådgjevaren, saman med bonden, har analysert ressursgrunnlaget på garden, livssituasjonen/familiesituasjonen, og interesser ikkje berre brukaren har, men også familiemedlemmane sine må vege tungt i ein slik prosess.

Eit av dei store problema på mange gardar i dag er stort press både på økonomi og arbeid. Planlegging av driftsømfang når brukaren er i 30-årsalderen passar ikkje alltid når ein er 55! Det kan sjå ut som at vi med dette tilbodet hjelper ein del bønder i å fatta viktige strategiske vegval for åra som kjem.

Det er i dag ein eigenandel på 5000 kr for å vera med på eit slikt opplegg.